



SAMANDRAG AV

Program **Opplevingsnæringar** (akronym)
Program opplevingsnæringar i Sogn og Fjordane (tittel)
[RUP ID: 631](#)



NØKKELDATA			
År start – slutt:	2006 - 2010	Regional dekning:	Sogn og Fjordane
Status:	Avslutta	Type prosess:	Program

ANSVAR OG LEIING

Sogn og Fjordane

MÅL OG OPPDRAG

Programstyret samla seg om følgjande målformulering:

1. Auka verdiskaping for bedrifter og meir attraktive lokalsamfunn gjennom satsing på opplevingsnæringar
2. Fleire nye bedrifter som tilbyr opplevingar på kommersiell basis

Desse mål skulle gjelda heile programperioden.

MÅLDEFINERING OG INDIKATORAR

Utfordringa for programstyret var i starten av programmet å etablere "varige" indikatorar, med årlege tal for utviklinga, for kvart mål.

Målet var å få på plass SMART måldefinering.

S=Spesifikke (konkrete)
M=Målbare (for å kunna avgjera om målet er nådd eller ikkje)
A=Ambisiøse (noko å strekka seg etter = UTVIKLENDE)
R=Realistiske
T=Tidsbestemte

Løysinga måtte bli offisiell statistikk (t.d. SSB, Brønnøysundregistra, Transportøkonomisk Institutt, etc..), eller at ein samla inn data sjølv, eller ein kombinasjon av desse to løysingane.

Fleire firma, som t.d. [Bedriftsdatabasen AS](#) (BDB), har utvikla tenester som gjer det lettare for programstyret å skaffe tilveges relevante data.

Frå BDB er det mogleg å skaffe følgjande data for ulike bransjar kvart år:

1. Tal bedrifter
2. Sum omsetning
3. Sum tilsette
4. Omsetning pr. bedrift
5. Omsetning pr. tilsett

Programstyret har prøvd å nytte data frå [BDB](#), og har laga ein rapport for status for alle potensielle opplevingsnæringar for eitt år i programperioden. Rapporten fekk namnet: "På jakt etter opplevingsnæringane".

Denne rapporten viste at "opplevingsnæringar" som begrep ikkje er egna som definisjon for målgruppe i eit program. "Alle" kan vera opplevingsbedrifter, og ein kan ikkje ha "alle" som målgruppe.

Dersom ein skal arbeida systematisk og målretta med ei målgruppe, så må målgruppa vera meir spesifikt definert, og aller helst ved bransjekode, eller på andre praktiske måtar, som t.d. "sportsturisme" (fylkesplanen 2005-2008).

Programstyret har også vurdert opplegg der ein hentar ut data frå dei aktuelle opplevingsbedriftene i fylket, etter "bottom - up" prinsippet, slik som i t.d. frukt- og grøntnæringa. Dette hadde truleg krevd organisering av lokale lokale samarbeidspartnarar, som kunne fungert som ["feltrettleiarar"](#) (kompetansemeglarar), som kunne teke jamleg kontakt med dei einskilte bedriftene.

På grunn av altfor kortsiktige rammevilkår, ville ikkje programstyret gå vidare med å utvikla metodar, verkty og andre prosedyrar for å samle inn data frå dei bedriftene som fekk hjelp frå programmet.

Ei anna løysing var eit forslag frå programsekretæren om å få [Vestlandsforskning og Høgskulen](#) i Sogn og Fjordane til å ta ansvar for datafangst og analysar, som del av [utviklingsavtale med fylkeskommunen](#).

Denne avtalen hadde sikra program opplevingsnæringar gode data for å drive dynamisk målstyring, samstundes som FoU-miljøet hadde fått data for sitt FoU-arbeid. Avtalen var godt likt i FoU-miljøet. Dette avtaleutkastet vart diverre forkasta av fylkeskommunen.

Det siste forsøket var å be [dei som fekk tilskot om å rapportera omsetningstal](#) for dei bedriftene som fekk hjelp i høvesvis søknad og i slutt rapport, for å sjå ei eventuell utvikling. Dette var heller ingen suksess, sjølv om nokon tilskotsmottakarar har levert inn relativt gode oversikter på dette området.

Etter dette vart det ikkje gjort fleire forsøk frå programmet om å skaffa data frå bedriftene, som kunne dokumentera effektar av tiltak finansierte av program opplevingsnæringar.

OVERORDNA MÅL OG FORVENTA EFFEKT

Program opplevingsnæringar er forankra både rett i fleire satsingsområde, og rett i overordna mål i fylkesplanen, som er:

Det overordna målet er å halde oppe folketalet og busetnaden.

Vi ynskjer at folk skal skape seg eit rikt og meningsfylt liv i Sogn og Fjordane.

God helse, kultur og tilgjenge for alle i trygge og opne miljø er avgjerande verdiar.

Det er derfor å forventa at måloppnåing i program opplevingsnæringar, vil ha direkte effekt på dei overordna måla.

Ansvar for dette er dei som har oppretta program opplevingsnærinar, og ikkje programstyret i program opplevingsnæringar.

Sidan dei overordna prosessane i prosesshierarkiet ikkje har definerte prosessleiarar og styringsgrupper, har det ikkje vore mogleg for programstyret å kome i dialog med dei "ansvarlege" i desse utviklingsprosessane.

Dette hadde vore interessant for å vurdere om programmet har fungert som forventa, og i tilfelle innanfor kva sektor og på kvart område. Programstyret har ikkje sett på dette som si oppgåve å granske så langt.

BAKGRUNN, UTFORDRINGAR OG FØRESETNADER

Fylkestinget vedtok Fylkesplanen 2005 – 2008, Vegen vidare for Sogn og Fjordane den 9. juni 2004. Hausten 2004 vedtok Fylkesutvalet ei oppfølging kalla "Frå plan til handling" og oppnemnde sju arbeidsgrupper med definerte satsingsområde som fekk i oppgåve å konkretisere mål, strategiar og forventa resultat.

Desse sju satsingsområda var:

1. Industri
2. Småskala næringar og lokalsamfunn, og bruk og vern
3. Havbruk og fiske
4. Nye næringar / tenester
5. Folkehelse og livsutfalding
6. Ungdom
7. Folkestyre og medverknad. Offentleg verksemd.

Arbeidsgruppene la fram sine tilrådingar i form av rapportar juli 2005. Fylkesplanen og rapportane ligg på FK sine [nettsider](#).

Program "opplevingsnæringar" er avleidd av desse satsingsområda. Programmet skal vurdere strategiar og forslag frå dei ulike satsingsområda, om desse kan ha noko føre seg i høve opplevingsnæringar.

I fleire av satsingsområda har ein lagt vekt på å få fram tiltak som kan vera med å utvikla den einskilde bedrift (produksjonsmåtar, produkt, verdikjeda, etc.), men også eksterne rammevilkår (infrastruktur, lover, reglar, tilskot, skular, etc..) og utvikling av fellestiltak (organisasjonar, nettverk, marknadsføring, destinasjonsutvikling, etc..).

STRATEGI

Utlysing av midlar

Programstyret sin hovudstrategi har vore å lysa ut midlar til gode tiltak, som fører til måloppnåing i programmet, ein gong pr. år. Utlysinga har som oftast vore tidleg i mars, med søknadsfrist i april.

Grunngevinga for denne strategien er at programstyret fyrst prøvde på eiga hand å finne ut kva tiltak ein skulle etablera, og fann at dei ikkje hadde den kunnskapen om opplevingsnæringane dei måtte ha for å ta ansvar for tiltaka.

Programstyret meinte at mangfaldet innan ei ny satsing som opplevingsnæringar, berre kunna hentast fram gjennom utlysingar.

Om "omlaupstida" for programmet hadde vore lengre frå starten, ville truleg denne strategien vorte kombinert med tiltak utvikla av programstyret i tillegg.

I 2006 vart søknader som allereie var komne inn til verkemiddelapparatet handsama i staden.

Ein har spissa utlysinga til å gjelde opplevingsbedrifter innan mat, natur og kultur

Prioriteringar av tiltak

Programstyret har hatt følgjande prioriteringar når det gjeld tildeling av økonomiske midlar:

1. Konkret og synleg verknad framfor utgreiingar og generelle prosjekt.
2. Mest mogeleg oppleving pr krone.
3. Må ha konkret effekt for næringslivet og/eller stor verdi for lokalsamfunnet.
4. Unngå saker og tiltak som naturleg høyrer heime hjå andre finansieringskjelder.
5. Unngå store saker som Programstyret ikkje har tilstrekkeleg økonomisk ramme til.

Arbeidet i programstyret

Programstyret har hatt som mål å fortløpande evaluera tiltaka som får støtte gjennom rapporteringar, for utvikling av programarbeidet.

Programstyret og dei som får tilskot skal bruke RUP-Norge (www.rup.no) som verkty for dynamisk rapportering på nettet.

Programstyret har hatt som mål å lage møteplassar for erfaringsutveksling mellom bedrifter og organisasjonar som driv med opplevingsnæringar.

Programstyret har drive kontinuerleg utvikling av metodikk knytt til utlysing, vurdering av søknader og rapportering, og meiner sjølv å ha kome

fram til gode løysingar.

AKTIVITETAR OG MILEPÆLAR

Årshjulet har sett slik ut:

1. Innlevering av programplan for året etter til oppdragsgivar i fylkeskommunen om hausten.
2. Innlevering av årsrapport for året før i januar.
3. Produksjon av nye retningslinjer og nye og betre søknadsskjema i februar.
4. Utlysing kring 1. mars, med søknadsfrist midt i april. Annonsar i alle avisen i fylket og på fylkeskommunen sine nettsider.
5. Sekretærene gjekk gjennom søknadane og laga innstilling til styringsgruppa i byrjinga av mai.
6. Møte i programstyret i slutten av mai, med eit eventuelt oppfølgingsmøte i byrjinga av juni, for endeleg tildeling av tilskot. Av kring 50 søknader var det kring 20 som fekk tilskot.
7. Utsending av tilsegner og avslag i slutten av juni.
8. Mottak av eventuelle klager i august, og handsaming av desse i august - oktober.

METODAR OG VERKTY

Ein har lagt til grunn PLP-prosessen sine definisjonar og metodar som generell "standard" for programarbeidet.

Ein har nytta RUP Norge til å halde oversikt over tiltak som har fått støtte. Desse ligg under "prosjekt" for kvart år. Det er i RUP Norge også knytt meldingar, aktivitetar og rapportar til både program, prosjekt og tiltak.

RUP Noreg er vidare nytta som dokumentarkiv, for både opne og lukka dokument. Lukka dokument er gjort tilgjengelege for styringsgruppa ved tildeling av brukarnamn og passord.

Dei to tilgongstypene er "bidragsytar" - med skrive- og lesetilgong, og "lesetilgong". Dokument og som hovudverky til prosessstyring av program, delprosessar og tiltak.

I startfasen av programmet var det ein del "prøving og feiling" om korleis programstyret skulle fungera, både i styringsgruppa, og i høve til oppdragsgivar. Programstyret utvikla ein metode som dei kalla "rundt bordet modellen".

Føremålet med denne metoden var todelt. Programstyret skulle på den eine sida fungera som koordinatorar for den samla offentlege innsatsen retta inn mot opplevingsnæringane, og så skulle programstyret forvalta midlane i programmet mest mogleg effektivt.

Programstyret sin metode gjorde at alle sakshandsamarane og rådgjevarane i verkemiddelapparatet vart brukte og godt utnytta, noko som var eit mål med metoden.

SPEIELLE OMSYN OG KRITISKE SUKSESSFAKTORAR

Føringar og rammer frå fylkeskommunen

Ein skulle etablera eit program for å utvikle opplevingsnæringar, som skulle følgje opp framlegg frå tre ulike arbeidsgrupper, definert sm satsingsområde i fylkesplanen 2005 - 2008:

1. [Satsingsområde Havbruk og fiskeri](#)
2. [Satsingsområde Nye næringar og tenester](#)
3. [Satsingsområde Småskala næringar og lokalsamfunn. Bruk og vern.](#)

Koordineringsbehov på tvers av oppnemnde arbeidsgrupper er dokumentert. Fylkeskommunen foreslår at arbeidet vert organisert i eit program med programstyre.

Programstyret skal setjast saman av deltakarar frå partnerskapen – inkl. representantar for næringslivet. Fylkeskommunen legg stor vekt på at eit programstyre inneheld næringslivskompetanse. Styret må kunne identifisere på kva område det er størst kommersielt potensiale.

Fylkeskommunen ønskjer at programstyret bidreg til at utviklingsmiljøa i Sogn og Fjordane vert leiande i landet innan desse fagfelta og at internasjonalt samarbeid vert knytt opp mot arbeidet i programmet (Euromontana / Skottland-samarbeidet).

Innspel frå Sogn regionråd:

Vestnorsk fjordlandskap har fått Verdsarvstatus. Vi meiner at Nerøyfjorden bør vere nemnt i ein felles RUP. Utmerkinga kan gje mange ringverknader og bidrar til at tilhøva ligg godt til rette for utvikling av opplevingsnæringane i regionen/fylket. I denne samanheng er også vedlikehald av kulturlandskap ei stor utfordring for kommunene.

Innspel frå HAFS

1. *Vidareutvikling av båtturen.* Trong for forbetring av informasjon, utbygging av gjestehamner, utbetring av farleier, auka service m.m.)
2. *Kulturhistorie som næring.* Døme på konkrete utviklingsprosjekt er Jensbua Kystkultursenter, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Gulatingstaden, Utvær fyr, Vikinghistoria i Dalsfjorden.
3. *Naturopplevingar som næring.* Døme er fiske i sjø og ferskvatn, sjøfuglsafari, havkjakk, havsafari, kople geografi, mat og historie.
4. *Naturvern som næring.* Utvikling av næringsaktivitet basert på sjøfuglvern og naturreservat langs kysten.

KRITISKE SUKSESSFAKTORAR:

Generell utviklingskompetanse hjå alle

Det er viktig at alle involverte partar, både i programmet, og i overordna og underordna prosessar i prosesshierakiet, har den kompetanse som skal til for å lukkast. Dette gjeld også dei som får tilskot, og stundom også bedriftene i målgruppa. Alle må vera med på eit felles og samkøyrte opplegg, og ha den kompetansen som skal til for å få til det.

Dette har også mykje med felles metodikk og verkyt å gjera, og at programmet dekkar relle behov og interesser i næringa og i organisasjonane.

Det er spesielt viktig at oppdragsgivarane har kompetanse om kva faktorar som må vera på plass nedover i hierarkiet, på kvart nivå, for at

prosessane på dei ulike nivåa skal lukkast. Dette er kompetanse dei må ha for å laga gode og realistiske rammer og oppdrag.

Det er til dømes viktig at alle kjenner til kva som meinast med program, prosjekt og tiltak, og korleis desse "prosessane" samspejar i eit logisk system.

Det er også viktig at å forstå "oppdrag og pengar" går nedover i hierarkiet, men at "resultata" vert summert "bottom - up", og at resultata i alle prosessane oppover i hierarkiet, stammar frå nederste nivå, som i dette tilfeller er bedriftene.

Om når det gjeld program opplevingsnæringar, så er det viktig at alle i heile prosesshierarkiet forstår at dei aktuelle opplevingsbedriftene må identifiserast, og vera objekt i driftsøkonomiske analysar over fleire år, utført av personar med spisskompetanse, om programmet skal leverera 100% i tråd med oppdraget.

Spisskompetanse

På fleire område er det behov for spisskompetanse for å lukkast med regionale utviklingsprogram. Dette gjeld som nemnt i høgste grad når ein skal utføra og dokumentera vekst og utvikling gjennom innovasjon i bedrifter, men også når ein skal arbeida med innovasjon av infrastruktur og fellestiltak, og dokumentera effektar av desse innovasjonane på bedriftene.

Metodar og verkty

Regional utvikling i partnerskapsprogram, som skal dekke eit heilt fylke i mange år framover, krev enkle og gode metodar og verkty som alle kan forstå med minimal opplæring. RUP Norge har desse eigenskapane, men RUP Norge er ikkje tilstrekkeleg aleine.

RUP Norge er ikkje eit verkty for å utføra driftsøkonomiske analysar, "bottom - up" hjå bedrifter. Då må ein visa til spesialverkty og spisskompetanse.

Rammevilkår og oppdrag

Rammevilkår og oppdrag er heilt avgjerande. Dei viktigaste faktorane er:

Tidsfaktoren - at alle prosessar på alle nivå får tilstrekkeleg tid til å utvikla sine metodar og prosedyrar for å lukkast.

Mynde og ansvar - at alle styringsgrupper får det heile og fulle ansvar for sine prosessar, utan unødig overstyring.

Pengar - at alle prosessar har tilstrekkeleg med midlar til å nå målsetjingane i oppdrag og eventuelle avtalar.

Prosessleinga må ha tid - og ikkje ha for mange andre arbeidsoppgåver som konkurrerer om tida.

Oppdraget må vera eintydig og realistisk i høve rammene, med klare ambisjonsnivå. Det er viktig at oppdragsgivar tydleg forstår kva som ligg i eit oppdrag med omsyn på krav til kompetanse, rammer, ressursar verkty og metodar frå starten.

RESULTAT / PRIORITERINGAR

VURDERING AV MÅLOPPNÅING FOR MÅL 1:

Auka verdiskaping for bedrifter og meir attraktive lokalsamfunn gjennom satsing på opplevingsnæringar

Programstyret har frå 2006-2010 delt ut kr 8,72 mill til 76 tiltak i fylket. Kravet til eigendel har vore minst 50%. Tiltaka ha såleis hatt budsjett på over kr 17 mill kr.

Det som for programmet har vore "tiltak", har ofte vore lokale utviklingsprogram, som har hatt som hovudmål eller delmål å hjelpe aktuelle opplevingsbedrifter til vekst og utvikling. Mange av desse har vore store initiativ, som har engasjert store deler av lokalmiljøet til fantastiske opplegg, og som har ført til både nasjonal og internasjonal merksemd.

Kvart av dei lokale utviklingsprogramma har lista opp dei aktive bedriftene i kvart program i sluttrapportane. Sidan dei siste sluttrapportane kan kome inn så seint som 2013, så er det ikkje laga full oversikt over kor mange bedrifter som har fått hjelp endå. Talet er truleg langt over 1000 bedrifter.

Det har ikkje lukkast å få driftsøkonomiske tal frå bedriftene, som kan dokumentera vekst og utvikling. Men, det er eit krav til sluttrapporteringa frå tiltakseigarane at dei skal vurdere effekten av kvart tiltak/program i høve effekt på opplevingsbedriftene, på lokalsamfunnet og på miljøet.

Sluttrapportane så langt fortel at tilskota frå program opplevingsnæringar hatt gode effektar på vekst og utvikling av opplevingsbedriftene.

Vidare fortel sluttrapportane at dei tiltaka som har fått støtte har hatt mange positive verknader for lokalsamfunna. Ein kan t.d. visa til Fjellsporfestivalen i Sogndal som har fått æra for vekst i søknadstalet til skulane.

I tillegg har dei fleste tiltaka som har fått tilskot, også vore opptekne av å ta vare på miljøet.

VURDERING AV MÅLOPPNÅING FOR MÅL 2:

Fleire nye bedrifter som tilbyr opplevingar på kommersiell basis.

På dette området har programstyret ingen opplysningar, men det er all grunn til å tru at dei tiltaka som har fått tilskot, gjennom sine aktivitetar, har hatt stor positiv effekt på dette målet. Men, at desse effektane kon koma over tid.

Gjennom offentleg statistikk er det vanskeleg å plukke ut slike opplysningar.

EVALUERINGAR

GEVINSTREALISERING

Med gevinstrealisering i denne samanheng så meinast det å ta i bruk og utnytta det ein har utvikla i ein utviklingsprosess, som metodar, verkty kompetanse, tiltak, røynsle, etc.. i eigarorganisasjonen.

I program opplevingsnæringar har ein "gevinstar" frå både programnivået og tiltaksnivået.

Når det gjeld gevinstane på tiltaksnivå, altså som ligg hjå dei organisasjonane som har fått tilskot, så har ikkje programstyret samla inn data med føremål å få ei slik oversikt, sjølv om noko kan hentast fram frå sluttrapportane.

Frå programnivået er nok den viktigaste gevinsten at ein innser at programarbeid tek tid, og at programstyra har behov for å utvikla seg med omsyn på metodar, verkty, kompetanse, nettverk, målgrupper, etc.. før dei blir effektiv programstyring.

Men, ein har også sett at brukarane av tilskota, søklarane og dei bedriftene dei representerar, også har bruk for ei tilvenningstid til nye program, før dei blir dyktige programaktørar. Dette har kome tydeleg fram i søknader og rapportering. Kvaliteten har auka.

Det er ein gevinst er at ein har fått fram at eit program har ulike fasar gjennom ein programsyklus. Desse fasane kan ein kalla:

1. Etableringsfase (år 1)
2. Utviklingsfase (år 1 - 5 t.d.)
3. Produksjonsfase (6-15 t.d.)
4. Avslutningsfase (år 16-17 t.d.)

1. Etableringsfase

I denne fasen skal ein få på plass få på plass bakgrunn, utfordringar, strategiar, målsetjingar, parameter, forventningar, planar, kritiske suksessfaktorar, metodar, verkty, budsjett, eigarar, avtalar, mannskap og rollar, etc.. Målet er å kome i gang. Ein kan også kalla denne fasen for "oppstart", startfase" eller kanskje "Kick Off"?

2. Utvikling- og tilvenningsfase

I program opplevingsnæringar har det vore stor utvikling i heile programperioden sidan 2006, spesielt med omsyn på søknadsskjema og rapportskjema. Utviklinga har vore både god og viktig. Denne fasen bør vera så kort som mogleg. Læring av andre, i fylket, nasjonalt og internasjonalt er då viktig. Men, noko fokus på utvikling skal det alltid vera. Gode verkty redusera behovet for utvikling mykje.

Men, ein skal ikkje undervurdere bedriftenem innbyggjarane, søklarane eller målgruppa sitt behov for tid for å gjera seg kjende med eit nytt regionalt utviklingsprogram. Desse si tilvenning til programmet er også viktig, før programmet kan fungera for fullt.


3. Produksjonsfasen

Etter ein periode med utvikling og tilvenning bør programmet gå over i ein effektiv produksjonsfase. Om ein tek program opplevingsnæringar som døme, så burde ein i denne fasen fått god vekst i desse næringane, og mange nye opplevingsbedrifter.

Når ein i Sogn og Fjordane avsluttar program etter fase 2, så har dei nok hatt eit noko anna utgangspunkt enn det denne fasemodellen legg opp til.

For å halda liv i denne fasen, så er det nok eit absolutt krav til indikatorar som kan dokumentera effekt av verkemidlane. Dersom ein i det offentlege berre har kostnader av program, og aldri ser "inntektene", så manglar ein gode argument for å halda liv i eit program.

Når ein har både kostnader og inntekter knytt til eit program, så kan ein rekne bruksverdi for programmet basert på forventningar eller normal, og på den måten finne optimal omløpstid for eit program, tilsvarande som for fruktdyrkinga (dømet):



Ingen fruktdyrkar ville funne på å rydda ei nyplanting etter 5 år. Om ein legg totalbildet til grunn for regionale utviklingsprogram, så bør ein kanskje tenke tilsvarande der. I fruktdyrkinga er det heller ikkje slik at ein tek vekk ei planting, før ein har ein betre modell å skifta ut med. Men, som figuren viser, så kan det faktisk skje etter nokre få år, om gamlemodellen er svak nok. Har ein satsa feil - så har ein satsa feil. Elles er politikk ein faktor i regional utvikling, som ein ikkje har i fruktdyrkinga.

4. Avslutningsfasen

Dei siste tilskota vart løyvde i 2010 i programmet. Det tyder at tilskotsmottakarane har frist til slutten av 2012 med å levera inn sluttrapport. Fyrst når alle sluttrapportar er på plass, kan programstyret levera ein fullstendig sluttrapport. Perioden 2011 til 2012 kan ein kalla programmet sin avslutningsfase, som kan tilsvara rydefasen og brakkåret i fruktdyrkinga.

I August 2009 starta planane om ein reiselivskonferanse i 2010. Denne vart gjennomført i Balestrand i februar 2010, og dekkja langt meir enn berre program opplevingsnæringar sine behov. Konferansen vart ein suksess, og det vart som følge av denne, ny konferanse i Florø i 2011.

ØKONOMI

Tabell: Tiltak som har fått støtte frå program opplevingsnæringar i perioden 2006 - 2010, sortert etter storleik på samla støtte. Dei fleste tiltaka er å rekna som lokale utviklingsprogram, som skal hjelpa mange opplevingsbedrifter til auka inntening, gjennom ulike aktivitetar og tiltak i programma.

Nr	Tiltak	Søklar og eigar	SUM
1	Fjellsportfestivalen	Fjellsportfestivalen as	750 000
2	Kvernstein i Hyllestad	Hyllestad kommune	400 000
3	FRAM-kultur	Mentor	302 198
4	Utmarksbasert reiseliv	SF Bondelag og SF Skogeigarlag	255 000
5	Nordfjord Oppleving	Opplevingsnæringa i Nordfjord	250 000
6	Opne Landskap	Fylkesmannen SF	250 000
7	Vi får det til - opplevingsturisme med Coast Event	Knuteholmen Restaurant og pub AS	250 000
8	Reiselivskonferansen	Programmet sjølv	240 000
9	Fjordkysten	Vestkysten Reiseliv mfl	236 000
10	Åmot gardsopera	Åmot Gard, Bygstad	222 000
11	Arven frå Vikingtida	Stiftinga Jensbua	200 000
12	Brak	Brak	200 000
13	Innlandsfiske som opplevingsnæring	SF Bondelag og SF Skogeigarlag	200 000
14	Skiltprosjektet Jostedalen Nasjonalpark	Statens Naturoppsyn	200 000
15	Sognefjord Swimfestival	Sogn Fjordymjeklubb	185 000
16	Opplev Holmedal	Holken AS, Holmedal	170 000
17	Vikingfjorden	Vikingfjorden ved Merete Larsmoen	170 000
18	Breim Bygdekontor	Breim Bygdeutviklingslag	150 000
19	Fjellfilmfestivalen	Fri Flyt & Turtagrø, Luster	150 000
20	Natur- og kulturopplevingar	Sognefjord Reiseliv BA	150 000
21	Norsk Brefestival	Jostedal bygdelag	140 000
22	EM i flugefiske	Reisemål Sunnfjord	125 000
23	High Camp Turtagrø	Fri Flyt & Turtagrø, Luster	125 000
24	Nye frukt- og bærekulturar	Bioforsk Njøs	125 000
25	Opplev Førdefjorden	Samarbeidsprosjekt Naustdal	120 000
26	Stølsdrift i Kårdalen	Sogn Jord- og Hagebruksskule	120 000
27	Nye kystopplevingar i Gulen	Gulen Næringsråd	110 000
28	Nynorske Litteraturdagar	Aurland kommune	110 000
29	Arrangement i Sognefjordregionen	Visit Sognefjord	100 000
30	Bli bygdevert	Nærøyfjorden Verdsarvpark	100 000
31	Forprosjekt Ervik	Selje Vekst KF	100 000
32	Norsk Geitesenter i Aurland	Norsk Geitesenter S/A	100 000
33	Online booking Sunnfjord	Reisemål Sunnfjord	100 000
34	Opplevingsnæringar i Nordfjord	Stryn Næringshage	100 000
35	Tru og Natur	ReCap	100 000
36	Bygdeutvikling høgskulen	Høgskulen Sogn og Fjordane	80 000
37	Dei sju sansar	Stryn Næringshage	75 000
38	Nordfjord vandrefestival	Reisemål Stryn og Nordfjord	75 000
39	Nordsjøportpasset	Reiselivsn. Værlandet & Bulandet	75 000
40	Opplev Sognefjorden	Leikanger Næringshage	75 000
41	Opplevingsturisme i Gloppen	Sandane Næringshage	75 000
42	Kjenn Fjordkysten	Visit Fjordkysten as	70 000
43	Luftkammuseet	Håjen as	65 000
44	Guidekurs, jetteturar, Flåm	Jorunn Heggdal	59 000

45	Bokbyfestivalen	Stiftinga Den Norske Bokbyen	50 000
46	Felles infrastruktur for vekst i Fjærland	Fjærland reiselivslag	50 000
47	FjordAlpin	Jølster Skisenter AS	50 000
48	Fjordvert - Undredal	Undredal Grendalag	50 000
49	Florø Havfiskefestival	Florø Havfiskeklubb	50 000
50	FYR i Nordfjord	SlowTur / Kråkenes Fyr	50 000
51	Harpefossen Event	Harpefossen Event	50 000
52	Interpretasjon Indre Nordfjord	ostedalsbreen Nasjonalparksenter	50 000
53	Klatreopplevelingar i Sogn og Fjordane	Birkeland, Nye eventyr	50 000
54	Kraftstasjon Måløy	Kraftstasjonen Måløy AS	50 000
55	Kul-tur	Kultursmia, Norway Adv.	50 000
56	Matopplevelingar i Luster	Lustramat, Fjordatunet	50 000
57	Munthehuset, marknadføring	Luster kommune	50 000
58	Nasjonalt senter for countrymusikk	Stiftinga Norsk Countrytreff	50 000
59	Natur, kultur og aktivitet som motor...	Bremanger kommune m fl	50 000
60	Program frukt og bær	Bioforsk Njøs	50 000
61	Ridesti over fossane	Harpefossen Skisenter as	50 000
62	Selje Kloster	Selje kommune	50 000
63	Smak av Sogn	Norlandia Vesterland Resort	50 000
64	Smak sakte festivalen	Aurland Natur og Kulturarv	50 000
65	Sognamat før og no	Musea i Sogn og Fjordane	50 000
66	Utkantfestivalen 2009	Stiftelsen Utkant	50 000
67	Utvandrarfestival i Naustdal	Naustdal kommune	50 000
68	Vandreturisme i Aurland	Reisemål Aurland og Lærdale	50 000
69	Ørretens Rike, fra fjell til fjord	Borgund utvikling	45 000
70	Kaivertskap i Kaupanger	Amlabui grendalag	40 000
71	Kystkulturmess	SF fylkeskommune, KA	40 000
72	Norges cup i flogefiske	Yndestad Feriehus, Fjaler	40 000
73	Tjovura	Tjovura DA, Jølster	37 000
74	Kystvegleriarkurs	Norsk Kystkulturakademi	30 000
75	Støtte til nominasjonstur USA	EMBLA film	20 000
76	Filmen Hemnen	Førsund	15 000
			8 721 198

ANNA DELTAKING

Programstyre

- Harry Mowatt, S&Fj fylkeskommune, politiker, LEIAR
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga: Gunhild Berge Stang var fyrst med. Anita Solbakken kom inn for Gunnhild Berge Stang kring 2007. Lars Groteide kom inn for Anita Solbakken i 2010.
- ~~Per Ingolv Nygård, Fylkesmannen S&Fj (UT desember 2006)~~
- Christian Rekkedal, Fylkesmannen i S&Fj (INN desember 2006)
- Olav Ellingsen, Sogn Regionråd, regionråda
- ~~Sjur Sekse, Innovasjon Norge (UT mars 2007)~~
- Åsne Folstad, Innovasjon Norge (Inn Mars 2007)
- Marit Hjortung, Reisemål Sunnfjord, Næringa (permisjon frå 010109)
- ~~Eli Førde Aarskog, Nordfjord Hotel, Næringa~~

Sekretariat

- Arne Monrad Johnsen, S&Fj fylkeskommune, Regionalavdelinga (hovudansvar)
Telefon: 57656248
Mobil: 41530978
E-post: arne.monrad.johnsen@sf-f.kommune.no
- ~~Christian Rekkedal, Fylkesmannen S&Fj, (UT desember 2006)~~
Telefon: 57723242
Mobil: 99692302
E-post: christian.rekkedal@fmsf.no
- Bjørn Harald Haugsvær, Fylkesmannen Sogn og Fjordane (INN desember 2006)
Telefon: 57723216

Mobil: 48007375
E-post: bjorn-Harald.Haugsvaer@fmsf.no